



## **MØTEINNKALLING**

---

**Utval: Administrasjonsutvalet**  
**Møtedato: 28.11.2012**  
**Møtetid: 14:30 -**  
**Møtestad: Kommunehuset**

---

*Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling*

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post [adm@samnanger.kommune.no](mailto:adm@samnanger.kommune.no)), som vil kalla inn varamedlem.

ordfører/leiar av utval

**SAKLISTE**

<b>Saker til handsaming på møtet</b>			
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Merknad</b>
011/12	12/685	Faste saker	
012/12	12/628	Lønstillegg til uorganiserte i lokale lønsforhandlingar	
013/12	12/69	Kompetansetillegg for tilsette som er løna etter kapittel 5 i hovudtariffavtalen	

<b>Oversikt faste saker</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li><li>• Godkjenning av protokoll frå førre møte</li><li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li><li>• Utvalet sitt kvarter</li></ul>



## SAKSFRAMLEGG

<b>Arkivsaksnr:</b> 12/685	<b>Løpenr:</b> 12/6166
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Administrasjonsutvalet	28.11.2012	011/12	TR

### FASTE SAKER

Oversikt faste saker:
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li> <li>• Godkjenning av protokoll frå førre møte</li> <li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li> <li>• Utvalet sitt kvarter</li> </ul>

### Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Protokollen frå førre møte vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Jan Erik Boge	<b>Arkivkode:</b> FE-500
<b>Arkivsaksnr:</b> 12/628	<b>Løpenr:</b> 12/5732
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Administrasjonsutvalet	28.11.2012	012/12	JEB

### LØNSTILLEGG TIL UORGANISERTE I LOKALE LØNSFORHANDLINGAR

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune held fram med noverande praksis for lønstillegg til uorganiserte i lokale lønsforhandlingar. Det vil seia at arbeidsgjevar har høve til:

1. Undervegs i forhandlingane å auka lønstillegg for uorganiserte som er med i "første tilbod". Føresetnaden for dette er at det vert gitt auka "gruppetillegg" til fagorganiserte undervegs i forhandlingane.
2. Undervegs i forhandlingane leggja inn lønstillegg til uorganiserte som ikkje er med i "første tilbod". Føresetnaden for dette er at det undervegs i forhandlingane vert avtalt lønstillegg til fagorganiserte i stillingsgrupper som ikkje er med i "første tilbod".

---

#### Dokument som er vedlagt:

Forklaring på kapittelinnending i Hovudtariffavtalen

#### Dokument som ikkje er vedlagt:

Hovudtariffavtalen

---

#### Kva saka gjeld:

Administrasjonsutvalet gjorde 24.10.2012 følgjande vedtak:

*Det skal til neste møte leggjast fram sak om lønstillegg til uorganiserte i lokale lønsforhandlingar. Det må i saksutgreiinga mellom anna gå fram kva som er gjeldande rett på dette området, samt kva praksis nabokommunane har.*

## 5 av 11

Bakgrunnen for saka er at det i mange år har vore usemje mellom arbeidsgjevar og fagforeiningane om lønstillegg til uorganiserte i lokale lønsforhandlingar i Samnanger kommune. I dei lokale lønsforhandlingane hausten 2012 vart kommuneadministrasjonen og fagforeiningane samde om å ta dette opp som sak i administrasjonsutvalet.

Usemja gjeld i utgangspunktet berre for forhandlingar for tilsette som er løna etter kapittel 4 i Hovudtariffavtalen (HTA), ikkje dei som er løna etter kapittel 3 eller 5. Me ser likevel at me har ein del av dei same utfordringane også i dei andre kapitla. Det vert vist til eige vedlegg til saksframlegget for oversikt over dei ulike kapitla i HTA.

Lokale lønsforhandlingar for tilsette som er løna etter kapittel 4 i HTA, skjer vanlegvis annakvart år (ein gong per tariffperiode). Det er i dei sentrale tariffoppgjera det vert bestemt om det skal vera lokale lønsforhandlingar i tariffperioden, samt kor stor forhandlingspotten skal vera. Forhandlingspotten vert fastsett som ein prosentvis del av den samla lønsmassen til dei tilsette som er løna etter kapittel 4 i HTA. Prosentsatsen varierer frå tariffoppgjer til tariffoppgjer.

I tariffoppgjeret 2012 vart det avtalt at det hausten 2012 skulle gjennomførast lokale lønsforhandlingar for tilsette som er løna etter kapittel 4 i HTA. Forhandlingspotten var 1,2 prosent av lønsmassen. For Samnanger kommune utgjorde dette om lag 700.000 kroner. Forhandlingane i Samnanger vert gjennomført mellom representantar frå kommuneadministrasjonen (med stabssjef som forhandlingsleiar) og representantar frå dei aktuelle fagforeiningane i kommunen. Forhandlingane vart gjennomført 17. og 18.10.2012.

### Noverande situasjon i Samnanger:

Dei lokale lønsforhandlingane startar ved at arbeidsgjevar legg fram eit "første tilbud". Dette tilbudet skal ikkje omfatta meir enn 50% av forhandlingspotten (lokalt avtala). Fagforeiningane meiner at dersom arbeidsgjevar vil gje lønstillegg til uorganiserte, må desse personane takast med i "første tilbud".

Alle fagforeiningane ser ut til å vera samde om at arbeidsgjevar undervegs i forhandlingane ikkje skal gje lønstilbod til andre uorganiserte enn dei som er med i "første tilbud".

Fagforeiningane meiner i utgangspunktet også at lønstilboda til uorganiserte ikkje skal aukast undervegs i forhandlingane, med unntak av i tilfelle der det vert gitt auka "gruppetillegg" undervegs i forhandlingane (til dømes til alle sjukepleiarar).

Kommuneadministrasjonen har hatt som utgangspunkt at fagorganiserte og uorganiserte i utgangspunktet skal behandlast lønsmessig likt.

Kommuneadministrasjonen har hatt som praksis at det undervegs i forhandlingane kan leggjast inn lønstillegg til uorganiserte som ikkje er med i "første tilbud". Føresetnaden for dette er at det i løpet av forhandlingane vert avtalt lønstillegg til fagorganiserte frå stillingsgrupper som ikkje er med i "første tilbud".

### Praksis i nabokommunar:

Kommuneadministrasjonen har vore i kontakt med personalkontora i ein del av nabokommunane til Samnanger for å få informasjon om deira praksis. Eit samandrag av tilbakemeldingane me har fått går fram av tabellen nedanfor.

Kommune	Gjeldande praksis
Kvam	Gir tillegg til uorganiserte i første tilbud. Justerer tillegg til uorganiserte undervegs i forhandlingane dersom det vert gjeve tillegg til grupper som

	uorganiserte er ein del av.
Jondal	Gir tillegg til uorganiserte i første tilbod. Arbeidsgjevar informerer før forhandlingane om at tillegga til uorganiserte kan endrast undervegs i forhandlingane, men det skal i praksis ”noko til” før uorganiserte vert endra i forhold til første tilbod.
Tysnes	Gir tillegg til uorganiserte i første tilbod. Endrar ikkje dette undervegs i forhandlingane.
Fusa	Ein del av forhandlingspotten vert sett av til uorganiserte i starten av forhandlingane. Fordelinga mellom dei uorganiserte vert først gjort kjent for fagforeiningane til slutt (ikkje undervegs i forhandlingane).
Vaksdal	Gir tillegg til uorganiserte i første tilbod. Justerer tillegga til uorganiserte undervegs i forhandlingane dersom det vert gjeve tillegg til grupper som uorganiserte er ein del av.
Ullensvang	Gir tillegg til uorganiserte i første tilbod. Justerer tillegga til uorganiserte undervegs i forhandlingane dersom det vert gjeve tillegg til grupper som uorganiserte er ein del av.
Os	Gir tillegg til uorganiserte i første tilbod. Endrar ikkje dette undervegs i forhandlingane.

Tilbakemeldingane viser at det er ulik praksis i nabokommunane. Nokre av kommunane har relativt lik praksis som Samnanger, medan Os, Tysnes og Fusa har ein annan praksis.

### Vurderingar og konsekvensar:

#### Juridiske forhold

Som hovudregel har norske arbeidsgjevarar ikkje høve til å forskjellsbehandla tilsette på bakgrunn av om dei er fagorganiserte eller ikkje. Uorganiserte har same rettar etter Hovudtariffavtalen som fagorganiserte (til dømes når det gjeld løn, arbeidstid og pensjon), sjølv om uorganiserte ikkje er forhandlingspart i dei sentrale tariffoppgjera.

Lokale lønsforhandlingar i kommunane skjer mellom arbeidsgjevar og fagforeiningane. Uorganiserte er ikkje formell part i forhandlingane. Arbeidsgjevar har likevel eit ansvar for å ivareta også dei uorganiserte, ved å sjå til at dei ikkje vert direkte forskjellsbehandla i forhold til fagorganiserte. Eit døme på forskjellsbehandling vil vera ulike verknadsdatoar for lønstillegg for uorganiserte enn fagorganiserte. Eit anna døme kan vera dersom arbeidsgjevar i sitt første tilbod legg ut lågare lønstillegg til uorganiserte enn fagorganiserte i ei stillingsgruppe (der dei tilsette har same stilling, kompetanse og oppgåver).

Spørsmålet er då om det vil vera ”ulovleg” dersom fagforeiningane undervegs i dei lokale lønsforhandlingane ”forhandlar opp” sine medlemmer, utan at arbeidsgjevar løftar uorganiserte med same stilling, kompetanse og oppgåver. Kommuneadministrasjonen har vore i kontakt med Kommunenes Interesseorganisasjon (KS) om dette.

KS har opplyst at kommunen har høve til å ha ein praksis der det ikkje vert gitt nye lønstilbod til uorganiserte undervegs i forhandlingane. Dette gjeld sjølv om ein slik praksis fører til at det vert skilnader i løn mellom fagorganiserte og uorganiserte innan same stillingsgruppe.

Ut frå tilbakemeldinga frå KS, vil det i stor grad vera opp til kommunen å bestemma kva praksis me skal ha når det gjeld lønstillegg til uorganiserte i lokale forhandlingar.

### Praktiske konsekvensar

Dersom det vert innført praksis med at alle lønstillegg til uorganiserte må leggjast ut i arbeidsgjevar sitt "første tilbod", vil truleg ein større del av "første tilbod" gå til uorganiserte enn det som har vore vanleg til no. Men dei fagorganiserte vil med ei slik løysing truleg få ein større del av den samla forhandlingspotten enn i dag.

Administrasjonsutvalet vedtok 24.10.2012 reglar om vidareføring av lokale lønstillegg ved skifte av stillings innehavar. Desse reglane må revurderast dersom det vert innført praksis med forskjellige lokale lønstillegg for fagorganiserte og uorganiserte innanfor same stillingsgruppe.

### Personalpolitikk

Det er slik kommuneadministrasjonen ser det ikkje eintydig kva som vil vera "god personalpolitikk" når det gjeld lønstillegg til uorganiserte i lokale forhandlingar.

Dersom det er eit viktig personalpolitisk mål for kommunen at tilsette med same stilling/same arbeidsoppgåver og same kompetanse skal lønast likt, vil lågare lønstillegg til uorganiserte i lokale lønsforhandlingar neppe vera eit godt verkemiddel.

Dersom det er eit viktig personalpolitisk mål for kommunen å få flest mogleg tilsette til å organisera seg, vil lågare lønstillegg til uorganiserte i lokale lønsforhandlingar kunne vera eit verkemiddel for å nå dette målet.

### Uttale frå fagforeiningane

Fagforeiningane (Fagforbundet, Sjukepleiarforbundet og Utdanningsforbundet) vart i brev datert 24.10.2012 inviterte til å gje uttale i saka. Uttalefrist var 15.11.2012. Sjukepleiarforbundet fekk på førespurnad utsett frist til 19.11.2012. Det har ikkje kome uttale frå nokon av organisasjonane.

### Alternative løysingar:

Aktuelle alternativ for lønstillegg til uorganiserte i lokale lønsforhandlingar i Samnanger kommune:

1. Halda fram med noverande praksis.
2. Innføra praksis der det ikkje kan ikkje gjevast lønstillegg til andre uorganiserte enn dei som er med i arbeidsgjevar sitt "første tilbod". Tillegga til dei uorganiserte som er med i "første tilbod" kan aukast dersom det undervegs i forhandlingane vert gitt auka tillegg til fagorganiserte innanfor same stillingsgruppe.
3. Innføra praksis der det ikkje kan gjevast lønstillegg til uorganiserte ut over det som vert gitt i arbeidsgjevar sitt "første tilbod".

## Avlønning av kommunalt tilsette

### forklaring på kapittelinndeling i Hovudtariffavtalen

Alle tilsette i kommunen er ikkje løna etter same kapittel i Hovudtariffavtalen. Dei tilsette er delt i tre hovudgrupper. Desse gruppene er løna etter kvart sitt kapittel i Hovudtariffavtalen.

Bakgrunnen for inndelinga er i hovudsak at dei ulike fagforeiningane/hovudsamanslutningane har ønska forskjellige system for lønsfastsetjing. Til dømes ønskjer Akademikerne og NITO at heile lønsfastsetjinga skal skje lokalt i kommunen, medan LO ønskjer at det meste av lønsfastsetjinga skal skje i dei sentrale lønsoppgjera i Oslo.

Kapittel i Hovudtariffavtalen	Stillingar i Samnanger som er løna etter dette kapitlet	System for lønsfastsetjing
3	Rådmann og assisterande rådmann (kapittel 3.4.1)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Heile lønsfastsetjinga skjer lokalt gjennom årlege lokale lønsforhandlingar.</li> <li>• Arbeidsgjevar sin styringsrett gjeld ved tvist i forhandlingane (tvist kan ikkje ankast).</li> </ul>
	Einingsleiarar (kapittel 3.4.2)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Heile lønsfastsetjinga skjer lokalt gjennom årlege lokale lønsforhandlingar.</li> <li>• Ved tvist i forhandlingane skal saka avgjerast ved lokal nemnd (kretsmeklingsmann) eller ved pendelvoldgift.</li> </ul>
5	Ingeniørar Legar Jordmor Planleggjar Biblioteksjef Økonomisjef Skule og barnehage- fagleg ansvarleg IKT-konsulentar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Heile lønsfastsetjinga skjer lokalt gjennom årlege lokale lønsforhandlingar.</li> <li>• Ved tvist i forhandlingane skal saka avgjerast ved lokal nemnd (kretsmeklingsmann) eller ved pendelvoldgift.</li> </ul>
4	Alle andre tilsette (dei som ikkje er løna etter kapittel 3 eller 5)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det meste av lønsfastsetjinga skjer i dei sentrale tariffoppgjera i Oslo.</li> <li>• Noko av lønsfastsetjinga skjer også gjennom lokale lønsforhandlingar. Dette gjeld berre dei åra dei sentrale tariffpartane bestemmer at det skal vera lokale forhandlingar (vanlegvis annakvart år). Storleiken på den lokale forhandlingspotten vert bestemt av dei sentrale tariffpartane.</li> </ul>





## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Jan Erik Boge	<b>Arkivkode:</b> FE-500
<b>Arkivsaksnr:</b> 12/69	<b>Løpenr:</b> 12/6067
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Administrasjonsutvalet	28.11.2012	013/12	JEB

### KOMPETANSETILLEGG FOR TILSETTE SOM ER LØNA ETTER KAPITTEL 5 I HOVUDTARIFFAVTALEN

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Punkt 7.3.4.1 m/underpunkt i Lønspolitisk plan for Samnanger kommune skal frå og med 2013 ikkje lenger gjelda for tilsette som er løna etter kapittel 5 i Hovudtariffavtalen.

#### Dokument som er vedlagt:

Forklaring på kapittelinnndeling i Hovudtariffavtalen

#### Dokument som ikkje er vedlagt:

Hovudtariffavtalen, Lønspolitisk plan

#### Kva saka gjeld:

Pkt. 7.3.4 i Lønspolitisk plan for Samnanger kommune inneheld reglar om lønskompensasjon for tilleggskompetanse, tilleggsansvar og tilleggssoppgåver. I samband med årets tingingar vart det ei problemstilling om kven som var omfatta av denne regelen, og rådmannen ynskjer derfor å få drøfta spørsmålet.

Det går fram av innleiinga til dette punktet at reglane ikkje gjeld for tilsette i leiarstillingar, d.v.s. stillingar på rådmanns- og einingsleiarnivå. Tilsette i desse stillingane er løna etter kapittel 3 i Hovudtariffavtalen (HTA). Lønsreguleringa for tilsette i denne gruppa skjer gjennom årlege lokale lønsforhandlingar i kommunen, ikkje gjennom dei sentrale lønsoppgjera.

Kommuneadministrasjonen foreslår no at pkt. 7.3.4.1 heller ikkje skal gjelda tilsette som er løna etter kapittel 5 i HTA. Også for denne gruppa skjer lønsregulering gjennom årlege lokale lønsforhandlingar i kommunen, på same måte som for tilsette i kapittel 3 i HTA.

Dersom kommuneadministrasjonen sitt forslag vert teke til følge, vil pkt. 7.3.4.1 berre gjelda for tilsette som er løna etter kapittel 4 i HTA. Denne gruppa utgjør om lag 90% av dei tilsette i kommunen.

Det vert vist til vedlegg til saksframlegget for oversikt over kva grupper av tilsette som er løna etter kapittel 4 og kapittel 5 i HTA.

#### **Vurderingar og konsekvensar:**

Tilsette som er løna etter kapittel 4 i HTA, får lønsreguleringa si både gjennom dei sentrale tariffoppgjera og i lokale lønsforhandlingar. Mange tilsette i denne gruppa er løna etter minstelønstabellane i HTA. Lokale kompetansetillegg kjem i tillegg til minsteløn etter HTA. Lokale kompetansetillegg vert ikkje ”spist opp” i dei sentrale lønsoppgjera.

Tilsette som er løna etter kapittel 5 i HTA, er ikkje løna etter minstelønstabellane i HTA. Løn og lønsutvikling for tilsette i denne gruppa vert vanlegvis fastsett ut frå ei samla vurdering av mellom anna stillingsinnhald, kompetanse og rekrutteringssituasjon. Slik kommuneadministrasjonen ser det, er det ikkje rett om tilsette i denne gruppa har kompetansetillegg som ”flyt på toppen” av årsløna.

Me har i dag to tilsette i kapittel 5 som har kompetansetillegg. Dersom ordninga med kompetansetillegg for tilsette i kapittel 5 vert teken vekk, vil tillegga for desse to personane verta ”fasa ut” (lagt inn i årsløna) i samband med dei lokale lønsforhandlingane i 2013.

Administrasjonsutvalet har mynde til å gjera endringar i del 2 av lønspolitisk plan (kapittel 7 og 8 i planen).

## Avlønning av kommunalt tilsette

### forklaring på kapittelinndeling i Hovudtariffavtalen

Alle tilsette i kommunen er ikkje løna etter same kapittel i Hovudtariffavtalen. Dei tilsette er delt i tre hovudgrupper. Desse gruppene er løna etter kvart sitt kapittel i Hovudtariffavtalen.

Bakgrunnen for inndelinga er i hovudsak at dei ulike fagforeiningane/hovudsamanslutningane har ønska forskjellige system for lønsfastsetjing. Til dømes ønskjer Akademikerne og NITO at heile lønsfastsetjinga skal skje lokalt i kommunen, medan LO ønskjer at det meste av lønsfastsetjinga skal skje i dei sentrale lønsoppgjera i Oslo.

Kapittel i Hovudtariffavtalen	Stillingar i Samnanger som er løna etter dette kapitlet	System for lønsfastsetjing
3	Rådmann og assisterande rådmann (kapittel 3.4.1)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Heile lønsfastsetjinga skjer lokalt gjennom årlege lokale lønsforhandlingar.</li> <li>• Arbeidsgjevar sin styringsrett gjeld ved tvist i forhandlingane (tvist kan ikkje ankast).</li> </ul>
	Einingsleiarar (kapittel 3.4.2)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Heile lønsfastsetjinga skjer lokalt gjennom årlege lokale lønsforhandlingar.</li> <li>• Ved tvist i forhandlingane skal saka avgjerast ved lokal nemnd (kretsmeklingsmann) eller ved pendelvoldgift.</li> </ul>
5	Ingeniørar Legar Jordmor Planleggjar Biblioteksjef Økonomisjef Skule og barnehage- fagleg ansvarleg IKT-konsulentar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Heile lønsfastsetjinga skjer lokalt gjennom årlege lokale lønsforhandlingar.</li> <li>• Ved tvist i forhandlingane skal saka avgjerast ved lokal nemnd (kretsmeklingsmann) eller ved pendelvoldgift.</li> </ul>
4	Alle andre tilsette (dei som ikkje er løna etter kapittel 3 eller 5)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det meste av lønsfastsetjinga skjer i dei sentrale tariffoppgjera i Oslo.</li> <li>• Noko av lønsfastsetjinga skjer også gjennom lokale lønsforhandlingar. Dette gjeld berre dei åra dei sentrale tariffpartane bestemmer at det skal vera lokale forhandlingar (vanlegvis annakvart år). Storleiken på den lokale forhandlingspotten vert bestemt av dei sentrale tariffpartane.</li> </ul>